



# Kinn kommune

## Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven

Vedteke i Kinn kommunestyre den ..... 2024, sak ...  
Gjeldande frå 1.1.2025

**Regulativet er heimla i matrikkellova § 32, forskrift om eiendomsregistrering(matrikkelforskriften) § 16 og lov om eierseksjoner(eierseksjonsloven)**

Denne forskriften erstattar:

«Forskrift for reguleringsplan, bygge- og delesaksbehandling, oppmåling og eierseksjonering, Kinn kommune, Vestland» [LOV-2005-06-17-101-§32](#), [LOV-2008-06-27-71-§33-1](#), [FOR-2009-06-26-864](#), [FOR-2010-03-26-488](#), [LOV-2017-06-16-65-§15](#), ikrafttredelse 1.1.2020.

«Forskrift for gebyr for reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering, Kinn kommune, Vestland» [LOV-2008-06-27-71-§33-1](#), [FOR-2010-03-26-488](#), [LOV-2005-06-17-101-§32](#), [FOR-2009-06-26-864](#), [LOV-2017-06-16-65-§15](#), ikrafttredelse 1.1.2023.

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### **§ 1-1. Betalingsplikt**

Alle som får tenester utførte etter dette regulativet, skal betale gebyr. Gebyret blir pålagt tiltakshavar. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kjem purregebyr og forseinkingsrenter i tillegg.

Det blir ikkje berekna meirverdiavgift på matrikkellova eller eierseksjonsloven.

### **§ 1-2. Tidspunkt for fakturering og betaling**

Gebyr etter matrikkellova og eierseksjonsloven blir berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet den fullstendige søknaden kjem fram til kommunen.

Dersom ikkje noko anna er spesifisert, blir saka fakturert når vedtak blir fatta eller når kommunen har handsama ferdig eller avslutta saka. Kommunen kan krevje inn gebyr på førehand.

### **§ 1-3. Gebyra i regulativet**

Gebyra reflekterer kommunen sitt arbeid med dei enkelte sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativet blir vedteke årleg av kommunestyret.

### **§ 1-4. Søknader som blir trekt eller avvist**

Det blir kravd gebyr for søknader som blir avviste eller trekte.

### **§ 1-5. Avslag**

Sakshandsaminga blir rekna som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan klagefristen går ut. For å etterleve reglane om sjølvkost skal 100 % av det ordinære gebyret bli betalt ved avslag. Avslagsgebyret blir ikkje godskrive ved innsending av ny revidert søknad.

### **§ 1-6. Klage**

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er vedtekne av kommunestyret.

### **§ 1-7. Gebyr som kjem i strid med sjølvkostprinsippet**

Dersom kommunen etter eigen vurdering ser at gebyret er openbart for høgt i forhold til sjølvkostprinsippet, jf. det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, skal gebyret reduserast gjennom eit enkeltvedtak.

### **§ 1-8. Definisjonar og forklaringar**

- a. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonane for ein bustad, slik som stove, kjøken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk skild åt frå andre einingar, jf. [SAK § 2-2](#).
- b. *Bustad/bustadeigedom*: Eigedom med bygg som blir brukt til bustadformål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–163 etter [NS 3457](#).
- c. *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal for eigedomen som er registrert i matrikkelen og berekna med utgangspunkt i [NS 3940](#).

- d. Når det seinare i forskrifta er nytta *eininga* er det meint bustadeining eller ein fritidsbustadeining.
- e. *Brukseining*: Bygning eller del av bygning (lokale), t.d. bueining, kontoreining, verkstad og lager.
- f. *Bygningstype*: Standardisert kategorisering av den enkelte bygningen etter [NS 3457](#). Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe bustadbygning.
- g. *Eigedom*: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med eierseksjonsloven blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- h. *Fritidsbustad*: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161–163 etter [NS 3457](#).
- i. *Kombinasjonseigedom*: Eigedom med ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar samt ein eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk blir klassifisert som kombinasjonseigedom.
- j. *Matrikkel*: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer som består av kommunenummer, gardsnummer (gnr.), bruksnummer (bnr.), festenummer (fnr.) og seksjonsnummer (snr.). Dersom bruket ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneiendoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- k. *Næringseigedom*: Eigedom som ikkje er bustad- eller kombinasjonseigedom. Bygg for offentlege føremål blir klassifisert som næringseigedom.
- l. *SAK*: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften).
- m. *Sakshandsamingsgebyr*: Gebyr som skal dekke oppgåvene i sakshandsamingsprosessen, avhengig av kompleksiteten og storleiken på tiltaket.
- n. *Søknadsploktige tiltak*: Tiltak definerte i [§ 20-1](#), [§ 20-2](#), [§ 20-3](#), [§ 20-4](#) i plan- og bygningsloven.
- o. *TEK*: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- p. *Tiltaksklasse*: Inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil, jf. [SAK § 9-4](#).
- q. *Fasade*: Ein fasade består av alle dei ytre elementa på ein bygning, inkludert vegger, vindauge, dører, og tak. Dette inkluderer òg materiale som blir brukte for å verna bygningen mot vêr og vind, som isolasjon og vindsperre. Fasaden gir bygningen identitet, stil, og fungerer som eit vernande skjold mot elementa.

### **§ 1-9. Sakkunnig bistand**

I saker der kommunen ser det som nødvendig å henta inn nødvendig sakkunnig bistand for kontroll, uttale, vurderingar og utgreiingar i samsvar med lov- og forskriftskrav og liknande, vil kommunen krevja at kostnadene for slik bistand i sin heilskap blir dekt av forslagsstillar/tiltakshavar. I tillegg blir det fakturert for tida kommunen har brukt til å henta inn denne bistanden.

### **§ 1-10. Digitale søknadar**

Papir- eller skjemabaserte søknadar skal ha høgare gebyr enn digitale søknadar som er sendt inn via digital søknadsportal. Gjeld alle sakstypar i denne forskrifta. Ved problem/manglar i systemet hos kommunen skal ikkje dette medføre til auka gebyr.

### **§ 1-11. Årleg justering av satsar**

Kommunestyre fastset gebyrsatsar årleg. Gebyret kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

## **Kapittel 4. Oppmålingsforretning**

### **§ 4-1. Generelt**

Forskrift med heimel i § 32 i matrikkelova. Alle oppmålingsforretningar etter matrikkelova skal ein betale gebyr for. Samanslåing av matrikkeleiningar er gratis, men det kjem til eit gebyr for matrikkelbrev. Gjer rekvierten forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka undervegs i saksgangen, blir gebyrkravet likevel ståande fast.

### **§ 4-2. Vintertid**

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker, for saker etter matrikkelova, gjeld ikkje frå 15. november til 15. april, jf. § 18, 3. ledd i matrikkelforskriften. Mangelfull rekvisisjon kan avvisast. Mindre feil kan rettast og førast i matrikkelen. Frist for fullføring av matrikkelføring gjeld ikkje i den tida som det tar å samle inn manglande informasjon eller dokumentasjon.

Fristen for fullføring av matrikkelføring gjeld ikkje i perioden 15 november til 15 april jf. § 18, 3 ledd i matrikkelforskriften.

### **§ 4-3. Timepris**

For dei tenestene som ikkje er omtala eller passar inn i regulativet, men som krev handsaming etter matrikkelova, gjeld eit gebyr etter tid som har gått med. Timesatsen dekker mellom anna sakshandsaming, støttefunksjonar, administrasjon og tilsyn.

For kompliserte og tidkrevjande saker der arbeidet til kommunen klart vil overstige det som blir dekt inn gjennom dei enkelte gebyra, kan kommunen på førehand velje at det

skal bli fakturert for tid som har gått med. Timeprisen gjeld også for registrering av private grenseavtaler og registrering av eksisterande jordsameige.

#### **§ 4-4. Sal av digitale kartdata**

Kart og eigedomsinformasjon blir tilgjengeleggjort gjennom sjølvbetjeningsportalar på nett som blir administrerte av eksterne leverandørar. Prisane til kunde går fram av produktkatalogen til forhandlar, dei inkluderer påslag til leverandør og mva.

Pris på digitale kartdata er regulert gjennom Geovekstsamarbeidet.

#### **§ 4-5. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før saka er fullført, saka må bli avvist, eller saka ikkje kan bli matrikkelført på grunn av endra heimelstilhøve, blir sett til 1/3 av gebyrsatsane etter føresegnene i gebyrregulativet om etablering av matrikkeleining.

#### **§ 4-6. Timepris anna kartarbeid**

For anna kartarbeid kommunen utarbeider, som ikkje gjeld sal av digitale kartdata blir det rekna eit gebyr etter medgått tid - pr time. Minstebeløp påbegynt halvtime.

#### **§ 4-7. Utskrift av matrikelbrev**

Matrikelbrev bestillast direkte hjå kommunen. Om du ikkje er heimelshavar(eigar eller festar) av eigedomen er det berre ved nokre unntak du kan bestille matrikelbrev. Du kan lese meir om matrikelbrev og utlevering hjå Statens Kartverk. Utsending av digitalt matrikelbrev kostar 175 kr uansett tal sider.

#### **§ 4-8. Gebyrgrunnlag**

<b>Generelt</b>		
<b>Varenr.</b>	<b>Timepris etter matrikellova</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. 1	For tenester som skal bli fakturerte etter tid som har gått med, sjå § 4-3.	Timepris
<b>Utskriving av matrikelbrev</b>		
Vnr. 2	Matrikelbrev inntil 10 sider	Fastpris
Vnr. 3	Matrikelbrev over 10 sider	Fastpris
<b>Situasjonskart (plan- og bygningsloven)</b>		
Vnr. 4	Forenkla situasjonskart	Fastpris
	Slike er påkravd for utarbeiding av situasjonsplan ifm. søknader etter plan- og bygningsloven, samt for seksjoneringssøknader. (Gebyret blir normalt kravd inn i lag med handsamingsgebyr.)	
<b>Kopiar og utskrifter av tinglyste eller matrikelregistrerte dokument. Gebyra er meirverdiavgiftspliktige.</b>		
Vnr. 5	Kopi av målebrev	Fastpris

Vnr. 6	Målebrev i PDF-format	Fastpris
Vnr. 7	Seksjoneringsteikningar (etter 1. januar 1998) – inntil 10 sider:	Fastpris
Vnr. 8	Seksjoneringsteikningar – over 10 sider:	Fastpris
Vnr. 9	Tinglysingsutgifter	Fastsatt av kartverket

### Etablering av matrikkeleining

Varenr.	Etablering av grunneigedom og festegrund	Gebyr
Vnr. 1	Areal frå 0-300 m <sup>3</sup>	Fastpris
Vnr. 2	Areal frå 301-1000 m <sup>3</sup>	Fastpris
Vnr. 3	Areal frå 1001 – auke pr påbyrja daa	Fastpris
	Ved frådeling av meir enn 3 tomter framsett på same rekvisisjon som tinglysast samstundes vert det fakturert slik rabatt: 90 % av satsane betalt for den 4. t.o.m. den 9. tomta 70 % av satsane f.o.m. den 10. tomta.	
Vnr. 4	Ved frådeling av eigedom som består av fleire teigar, eller tilleggsareal til ny parsell, blir eit tillegg per teig betalt utover den fyrste.	Fastpris
Vnr. 5	Ved grensejustering på same tid som frådeling av ny parsell blir eit tillegg betalt per grensejustering.	Fastpris
	<b>Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn</b>	
Vnr. 6	Areal frå 0–1000 m <sup>2</sup>	Fastpris
Vnr. 7	Areal frå 1001– auke per påbyrja daa	Fastpris
	Dersom forretninga blir gjennomført utan grensemerking blir det gitt 50 % reduksjon av lågaste sats. (Jf. § 34 i matr.l. og § 40 i forskriften)	
	<b>Oppmåling av uteareal på eigarseksjon</b>	
Vnr. 8	Gebyr for tilleggsareal per eigarseksjon	Fastpris
	For tilleggsareal større enn 1 daa aukar gebyret pr påbyrja daa	Fastpris
	<b>Etablering av anleggseigedom</b>	
Vnr. 9	Areal frå 0-2500 m <sup>2</sup>	Fastpris
Vnr. 10	Areal frå 2501 m <sup>2</sup> – auke pr. påbyrja daa	Fastpris
	Gebyret blir rekna ut frå grunnflata på eigedomen	

### Grensejustering

Varenr.	Grunneigedom, festegrund og jordsameige	Gebyr
Vnr. 1	Grunnsats	Fastpris
Vnr. 2	Tillegg per m <sup>2</sup>	Fastpris

	Ved grensejustering er reglen at netto gjeve eller tilført areal til involverte matrikkeleiningar ikkje kan overstige 5 prosent, eller maksimalt 0,5 dekar. I tillegg kan inga eining gje brutto areal som i sum overstig 20 prosent av arealet til eininga før justering.	
	<b>Anleggseigedom</b>	
Vnr. 3	Grunnpris	Fastpris
Vnr. 4	Tillegg per m <sup>2</sup>	arealpris
	For anleggseigedom kan volumet bli justert med inntil 5 % av volumet til anleggseigedommen, men den maksimale grensa er 1000 m <sup>3</sup> . Gebyret blir rekna ut frå endringa i grunnflata til anleggseigedommen.	

<b>Arealoverføring</b>		
	<b>Grunneigedom, fest grunn og jordsameige</b>	Gebyr
Vnr. 1	Grunnpris inntil 1000 m <sup>2</sup>	Fastpris
Vnr. 2	Tillegg per m <sup>2</sup>	Fastpris
	For areal over 1000 m <sup>2</sup> blir gebyret sett i tråd med satsane etter etablering av matrikkeleining, med eit påslag på 30 %.	
	Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing bli gjennomført. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.	
	<b>Anleggseigedom</b>	
Vnr. 3	Grunnpris inntil 500 m <sup>2</sup>	Fastpris
Vnr. 4	Tillegg per m <sup>2</sup>	Fastpris
	For areal over 500 m <sup>2</sup> blir gebyret sett i tråd med satsane etter etablering av matrikkeleining, med eit påslag på 30 %. Gebyret blir berekna ut frå endringa i grunnflata til anleggseigedommen.	
	For anleggseigedom kan volum som skal bli overført frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre bli overført til ei matrikkeleining om vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.	
Vnr. 5	Makspris for gebyr for frådeling av areal	Fastpris

Klarlegging av eksisterande grenser		
Varenr.	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning eller kartforretning	Gebyr
Vnr. 1	For inntil 2 punkt	Fastpris
Vnr. 2	For kvart overskytande grensepunkt	Fastpris
	Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter tida som har gått med. Når heile tomta blir målt opp, blir gebyret ikkje sett høgare enn gebyra etter etablering av matrikkeleining.	
Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt, eller ved klarlegging av rettar		
Vnr. 3	For inntil 2 punkt	Fastpris
Vnr. 4	For kvart overskytande grensepunkt	Fastpris
Vnr. 5	Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter tida som har gått med. Når heile tomta blir målt opp, blir gebyret ikkje sett høgare enn gebyra etter etablering av matrikkeleining	

## Kapittel 5. Eigarseksjonering

### § 5.1. Generelt

Alle søknadspliktige tiltak etter § 15 i eigarseksjonsloven skal betale gebyr etter gjeldande tabell.

Gebyr etter § 15 i eierseksjonsloven		
Varenr.	Eigarseksjonering	Gebyr
Vnr. 1	Grunnbeløp for 2 seksjonar	Fastpris
Vnr. 2	Pris pr. seksjon over grunnbeløp	Fastpris
Vnr. 3	Oppheve seksjonar	Fastpris
Vnr. 4	Synfaring	Fastpris
	For oppmåling av uteareal til eigarseksjon gjeld pkt. 8 i regulativet om « <b>oppmåling av uteareal på eigarseksjon</b> » under « <b>Etablering av matrikkeleining</b> »	